



Asbjørn Rød er oppsynsmann saman med Per O. Bruvold og Knut Inge Eidsvik også i år.

**Trass i at det har vore lav vassføring, har det vorte meldt inn fleire fine fangstar i Uskedalselva dei to første dagane elva har vore open for fiske. Vi har tidlegare meldt om at det vart teke ein aure på 2,2 kg like etter oppstart. No er det også teke fleire aurar og ein laks på 5,3 kg.**

Den låge vassføringa har gjort at grunn- og elveeigarlaget har gått ut med følgjande melding til fiskarane ved opninga 15.06.:

- Snøsmeltinga er i hovudsak over, og det er lenge sidan det har vore særleg med regn. Det er heller ikkje venta monaleg nedbør dei næraste dagane. Elva er såleis lita no ved sesongstart, og vi ber fiskarane ta ekstra omsyn.

Elles er det nokre omleggingar av fiskereglane frå i fjor. Kvoten til kvar fiskar er m.a. auka til to pr. døgn og 10 for heile året. Fiskekorta for grunneigarane er også lagt om slik at dei gamle korta ikkje gjeld lenger. Fiskereglar, om kjøp av fiskekort og om desinfisering av fiskeutstyr finn de på [Uskedalselva si heimeside](#).

All fangst skal rapporterast via heimesida til laget, denne plikta gjeld også grunneigarane. Alle som fiskar må såleis registrera seg som fiskarar for å få tilgang til rapporteringsfunksjonen. Rett fangsrapport gir viktige opplysningar for forvaltning av elva og både styret og myndigheitene nyttar desse opplysningane aktivt. Om ein har problem med rapportering kan ein kontakta ein i styret for hjelp.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Elveeigarlaget